



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Prop. 65 L

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i energiloven (endringar om funksjonelt skilje for nettføretak)

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet 24. mars 2023,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Olje- og energidepartementet føreslår i denne proposisjonen endringar i føresegnene i energilova om funksjonelt skilje for nettføretak. Kravet til funksjonelt skilje etter energilova gjeld i dag ikkje for nettselskap med 10 000 eller færre nettkundar. Departementet føreslår at kravet til funksjonelt skilje berre skal gjelde for nettføretak som har 100 000 eller fleire nettkundar.

Departementet føreslår derfor endringar i energilova § 4-7, som tok til å gjelde i mars 2021.

2 Gjeldande rett og bakgrunn for forslaget

2.1 Gjeldande rett

Energilova §§ 4-6 og 4-7 stiller krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje mellom nettverksemd og produksjon og omsetning av elektrisk energi. Kravet til funksjonelt skilje etter energilova § 4-7 gjeld i dag for alle integrerte nettføretak med fleire enn 10 000 nettkundar.

I det tredje elmarknadsdirektivet 2009/72/EF er det krav til mellom anna funksjonelt skilje for nettselskap. Etter artikkel 26 nr. 4 har statane høve til å vedta unntak frå kravet om funksjonelt skilje for nettføretak med færre enn 100 000 tilknytte nettkundar.

Kravet om funksjonelt skilje gjeld mellom nettverksemd og anna verksemd i integrerte føretak. Integrerte føretak er definerte på denne måten i energilova § 1-3 tredje ledd:

«Føretak eller en gruppe av føretak som driver overføring, omforming eller fordeling av elektrisk energi (nettverksamhet) i tillegg til annen virksomhet. En gruppe av føretak omfattes dersom en fysisk eller juridisk person kan utøve direkte eller indirekte kontroll med føretak i gruppen.»

Med anna verksemd er meint all verksemd som ikkje er nettverksemda til nettføretaket. I forholdet mellom eit morselskap og dotterselskap i eit konsern reiser det seg nokre særlege spørsmål ved bruken av kravet om funksjonelt skilje.

Eit morselskap eller ein kontrollerande eigar skal ikkje gi instruksar til nettføretaket om den daglege drifta eller om avgjerder om utbygging eller oppgradering av nettet, jf. energilova § 4-7 andre ledd.

I forskrift om nettregulering og energimarknaden er det krav om at styreleiar, styremedlem, dagleg leiar eller andre tilsette med reell avgjerds- makt i eit nettselskap som inngår i eit integrert føretak, ikkje kan delta i leiinga i eit føretak som driv anna verksemd innanfor det integrerte føretaket. Dagleg leiar i eit nettselskap kan ikkje vere

dagleg leiar i morselskapet eller kontrollerande eigar. Føresegnene gjeld ikkje for nettselskap som har færre nettkundar enn grensa som følgjer av energilova § 4-7.

Ein kommune er å rekne som eit eige rettssubjekt, jf. kommunelova § 2-1. Kommunar som er majoritetseigar (eller har ei anna form for kontroll) i eit nettføretak, er også omfatta av krava til funksjonelt skilje. Det betyr blant anna at det gjeld krav om funksjonelt skilje mellom nettføretaket og anna verksemd som kommunen driv eller har kontroll over.

Med nettkundar er meint både fysiske og juridiske personar. Dei er registrerte som kundar hos nettselskapet med unike personnummer og organisasjonsnummer. Ein kunde kan ha fleire målepunkt i same nettselskap, eksempelvis om ein privatperson har hus og hytte i same nett. Ein næringskunde kan eksempelvis vere organisert på ein måte der eitt selskap er straumkunde på vegner av fleire filialar. Kvar enkelt kunde er registrert i Elhub. Det visast til at departementet har uttalt seg ytterlegare om omgrepet «nettkunder» i Ot.prp. nr. 61 (2005–2006) side 34 i samband med innføringa av grensa på 100 000 nettkundar.

2.2 Bakgrunn for forslaget

Nettverksemd er eit naturleg monopol, og nettkundane kan ikkje velje kva nettselskap dei ønskjer å bruke. Det er derfor viktig at myndighetene har eit godt regelverk som sikrar at nettselskapa opptre nøytralt.

Kravet til funksjonelt skilje i energilova har vore endra fleire gonger dei siste åra. Føresegnene supplerer kravet til selskapsmessig skilje, og er eit kostnadseffektivt alternativ til å føre tilsyn og kontroll med vertikalt integrerte verksemdar for å sikre det same behovet for nøytralitet. Føremålet med regelverket om selskapsmessig og funksjonelt skilje skal bidra til å sikre at nettselskapa opptre nøytralt overfor alle brukarar av nettet.

Eit unntak frå kravet til funksjonelt skilje gir på den andre sida kostnadsinnsparringar for dei aktuelle konserna, som medfører lågare nettleige for kundane. Departementet har sidan grensa på 10 000 eller fleire nettkundar ble innført blitt kontakta av fleire av dei mindre nettselskapa som hevdar at grensa bør vere høgare. Nettselskapa med under 10 000 nettkundar hevdar at det ikkje er ønskeleg med fusjonar med andre nettselskap, fordi dei da kjem over grensa for kravet til funksjonelt skilje. Dette fører til fragmentering av fag-

miljø, som kan væra uheldig for den lokale kraftberedskapen.

Etter ei samla vurdering føreslår departementet at nettselskap som har 100 000 eller fleire kundar, må gjennomføre funksjonelt skilje. Det er ikkje forslag om nokon endringar i regelverket elles som set krav til nøytral framferd hos nettselskapa. Etter energilova er det krav til mellom anna nøytral framferd og separate budsjett og rekneskapar. Det omfattar også nettselskap med færre enn 100 000 nettkundar.

Departementet viser til at alle nettselskap er underlagde krav om nøytral framferd overfor straumkundar, kraftprodusentar, kraftleverandørar og andre tenesteleverandørar. Nøytral framferd er ein føresetnad for like marknadsvilkår, som igjen bidrar til ein velfungerande kraftmarknad og effektiv konkurranse.

2.3 Høyringa

Olje- og energidepartementet sende forslaget til endring av energilova § 4-7 på høyring 14. september 2022, med høyringsfrist 14. desember same år. Høyringsdokumentet blei sendt til desse institusjonane og organisasjonane:

Departementa

Datatilsynet
 Direktoratet for Samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
 Finanstilsynet
 Forbrukerrådet
 Forbrukertilsynet
 Statsforvaltarane
 Konkurranseskiljekommissjonen v/klagenemndssekretariatet
 Konkurransetilsynet
 Noregs forskningsråd
 Norges Handelshøyskole
 Noregs vassdrags- og energidirektorat
 Regelrådet
 Regjeringsadvokatembetet
 Statistisk sentralbyrå
 Universitetet i Oslo, Senter for europarett
 Universitetet i Oslo, Nordisk institutt for sjørett

Sametinget

Fylkeskommunane
 Oslo kommune

Enova SF
 Nord Pool

Statkraft AS
Statnett SF

Den Norske Advokatforening
Distriktsenergi
El og IT Forbundet
Energi Norge
Energiveteranene
Hovedorganisasjonen Virke
Industri Energi
Kraftfylka
KS – Kommunesektorens organisasjon
Landsorganisasjonen i Norge (LO)
Landssamanslutninga av vasskraftkommunar
Landssammenslutninga av norske vindkraft-
kommuner
NHO
Norsk Industri
Norwea
Samarbeidande Kraftfylke, c/o SFE Energi-
sekretariatet
Samfunns- og næringslivsforskning AS
Samfunnsbedriftene
SINTEF Energi AS
Småkraftforeninga

Departementet fekk i alt 24 høyringssvar. Høyringssvara er lagde ut på heimesida til departementet.

Desse instansane uttalte seg om realiteten i høyringsnotatet:

Konkurransetilsynet
Reguleringsmyndigheten for energi (RME)

Alta Kraftlag SA
Distriktsenergi
EL og IT Forbundet
EL og IT Forbundet Distrikt Rogaland
Gudbrandsdal Energi Holding AS
Jæren Everk AS
KS Advokat
KS – Kommunesektorens organisasjon
Landssamanslutninga av vasskraftkommunar
(LVK)
Nelfo
NITO – Norges ingeniør- og teknolog-
organisasjon
Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
Samfunnsbedriftene Energi
Sivert Opsahl Gjermshus
Sognekraft AS
Sognekraft Mor AS
Statkraft AS
Tekna – Teknisk-naturvitenskapelig forening

Desse instansane hadde ikkje merknader til høyringsnotatet:

Forsvarsdepartementet
Justis- og beredskapsdepartementet
Petroleumstilsynet
Statistisk sentralbyrå

Nokre av høyringsinstansane støttar forslaget, altså å heve grensa for unntak til nettselskap med 100 000 eller fleire nettkundar. Andre instansar er ueinige i forslaget. Enkelte av desse meiner at grensa på 10 000 nettkundar bør bestå, eventuelt at høvet til fritak frå kravet blir tatt bort.

Nokre av høyringsinstansane som er ueinige i forslaget, peiker på at unntaket berre bør gjelde energilova § 4-7 første ledd, og ikkje andre ledd.

3 Forslaget om endringar av vilkåra for å vera omfatta av kravet til funksjonelt skilje

3.1 Høyringsforslaget

Departementet sende 14. september 2022 på høyring eit forslag om å avgrense verkeområdet for krava om funksjonelt skilje etter energilova § 4-7 til nettføretak som har 100 000 eller fleire nettkundar. Etter forslaget vil det ikkje vere avgrensingar på høvet til at dei same personane sit i leiinga i nettføretaket og i andre føretak i det integrerte føretaket, dersom nettselskapet har færre enn 100 000 nettkundar. Det vil heller ikkje vere krav om uavhengigheit mellom nettføretaket og morselskap eller kontrollerande eigar.

I medhald av energilova er det gitt nærare føresegner om innhaldet i krava til selskapsmessig og funksjonelt skilje, jf. forskrift 30. juni 2020 nr. 1454 om endring i forskrift om nettregulering og energimarkedet. Det var ikkje behov for endringar i forskrifta, sidan forslaget som blei sendt på høyring, berre gjeld *kven* kravet om funksjonelt skilje gjeld for, ikkje innhaldet i kravet.

Med nettkundar er meint både fysiske og juridiske personar, det vil seie unike personnummer og organisasjonsnummer registrerte som kundar i eit nettselskap. Ein kunde kan ha fleire målepunkt i same nettselskap. Ein privatperson kan for eksempel ha hus og hytte i same nett, og ein næringskunde kan ha ei organisering der eitt selskap er straumkunde på vegner av fleire filialar.

Departementet viste til at forslaget ville vere i tråd med føresetnadene som låg til grunn for storingsbehandlinga av lovendringane for gjennom-

føring av EUs tredje energimarknadspakke, jf. Innst. 175 L (2017–2018). Det går fram at departementet set fast dei energipolitiske føringane gjennom lov og forskrift, mens RME tek dei konkrete avgjerdene basert på gjeldande regelverk i dei enkelte tilfella.

Omsynet til nettverksemda og behovet for klarheit i lovverket tilseier at generelle krav til organisering av verksemda i størst mogleg grad følgjer direkte av lov og forskrift. Departementet viste til at alle nettselskapa framleis vil vere underlagde krav om selskapsmessig skilje etter energilova § 4-6, uavhengig av kor mange nettkundar dei har. Det ligg ikkje føre andre forslag om endringar i regelverket som skal sikre nøytraliteten til selskapa.

3.2 Synet til høyringsinstansane

Eit fleirtal av høyringsinstansane støttar forslaget om å heve grensa for kravet til 100 000 nettkundar og er generelt kritiske til reglane om det funksjonelle skiljet. Det blir fremja fleire ulike argument for dette synet.

Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK), Alta Kraftlag SA, Gudbrandsdal Energi Holding AS og Distriktsenergi meiner at det funksjonelle skiljet er fordyrande eller byråkratiserande for mindre og mellomstore nettselskap.

EL og IT Forbundet, EL og IT Forbundet Distrikt Rogaland og *Alta Kraftlag SA* har gitt like lydande høyringssvar der dei viser til at krava i dag er til hinder for effektiv ressursbruk i mindre og mellomstore energikonsern. *Samfunnsbedriftene* meiner at ei heving av grensa for krav om funksjonelt skilje vil gi større fleksibilitet og vil kunne styrkje kompetansesituasjonen i mindre føretak i distrikta.

Tekna, NITO, Samfunnsbedriftene og *EL og IT Forbundet Distrikt Rogaland*, meiner at kravet om funksjonelt skilje fører til fragmentering av fagmiljø, og fleire av dei nemnde aktørane argumenterer for at dette kan vere uheldig for den lokale kraftberedskapen.

Distriktsenergi meiner at det funksjonelle skiljet bidrar til å fremje fusjonar mellom nettselskap, noko som tvingar små nettselskap inn i folden i større selskap som er lokaliserte i byane. Også *NITO* trekkjer fram at ei heving av krava i dag fører til eit aukande konsolideringspress på lokale kraftselskap.

Tekna meiner at dei eksisterande reglane bør vere tilstrekkelege for å skilje monopolverksemd og marknadsutsett verksemd, og *Sognekraft AS* viser til at vernet mot kryssubsidiering og diskri-

minerande åtfærd er godt sikra gjennom regelverk og strukturendringar elles. *LVK* trekkjer fram at det framleis vil gjelde krav om nøytral framferd, og meiner at dei konkurransemessige ulempene av ei heving ikkje er store nok til at krava i dag bør vidareførast.

Sognekraft AS meiner at krava i dag gir auka driftskostnader for nettføretaka, og at det fører til at nettkundane får høgare nettleige.

Distriktsenergi, Samfunnsbedriftene og *NITO* stiller spørsmål ved at kravet om funksjonelt skilje i dag er strengare i Noreg enn i EU.

KS og Jæren Everk AS støttar begge hovudinnhaldet i høyringssvaret frå Samfunnsbedriftene.

EL og IT Forbundet Distrikt Rogaland meiner at kravet om funksjonelt skilje bør fjernast fullstendig. *EL og IT Forbundet* meiner at kravet på 100 000 nettkundar er uheldig også for energikonsern med meir enn 100 000 nettkundar, særleg når det gjeld moglegheitene for god og effektiv opplæring av lærlingar, og ber om at departementet går i dialog med større energikonsern for å finne løysingar på dette innanfor regelverket.

Det er også fleire høyringsinstansar som meiner at ei heving av grensa for kravet om funksjonelt skilje til 100 000 nettkundar er uheldig. Det blir fremja fleire argument for dette synet.

Konkurransetilsynet meiner at det å auke grensa for krav om funksjonelt skilje kan gi eit høgare kostnadsnivå i nettbransjen og dermed dyrare nettleige for nettkundane. Det er fordi ei heving av grensa kan svekke insentiva til å gjennomføre samfunnsøkonomisk lønnsame samanslåingar av nettføretak, og fordi ein ved å organisere nettføretak i mindre einingar ikkje får utnytta stordriftsfordelane ved nettverksemd.

Konkurransetilsynet viser vidare til at ei heving av kravet om funksjonelt skilje vil gi auka integrasjon mellom nettverksemd og anna verksemd. Ifølgje tilsynet aukar dette igjen risikoen for at nettføretak ikkje opptre nøytralt, og auka risiko for konkurransekade i alle marknader der verksemdar i konsernet er aktive. Konkurransetilsynet meiner vidare at ei heving av kravet om funksjonelt skilje kan gi auka tilsynsutgifter, fordi det blir vanskelegare å påvise ikkje-nøytral åtfærd.

NHO meiner at kravet om funksjonelt skilje er ein føresetnad for likebehandling og nøytralitet. *NHO* viser til åtvaringa frå Konkurransetilsynet om at endringa vil gi mindre kostnadseffektiv drift, høgare tilsynsutgifter og dyrare nettleige, og at ho kan påverke konkurransen i andre marknader der verksemdar i konsernet er aktive.

Reguleringsmyndigheita for energi (RME) og Konkurransetilsynet kan ikkje sjå at dei eventuelle ulempene ved ei heving av kravet om funksjonelt skilje veg tyngre enn fordelane ved å halde på krava i dag. Konkurransetilsynet meiner at innsparingane til dei enkelte nettføretaka ikkje vil kunne vege opp for dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av at grensa for kravet om funksjonelt skilje blir heva.

Statkraft meiner at kravet om funksjonelt skilje i utgangspunktet bør omfatte så mange nettselskap som mogleg, for å sikre at nettselskapa ikkje tar kommersielle omsyn ved utvikling og drift av nettet. Statkraft meiner at viss ein skal heve grensa, bør ho setjast lågare enn 100 000 kundar.

RME og Konkurransetilsynet meiner at grensa i dag på 10 000 nettkundar bør bestå. Konkurransetilsynet meiner at dersom det skal vurderast å endre regelverket, bør grensa for fritak frå kravet om funksjonelt skilje bli tatt bort, ikkje aukast. *Nelfo* ønskjer ei utgreiing av moglegheita for å innføre krav om eigarrelatert skilje mellom all monopolverksemd og anna nærliggjande konkurranseutsett verksemd. Dei føreslår å oppheve dei gjeldande føresegnene om unntak frå krav om funksjonelt skilje i mellomtida.

Statkraft trekkjer fram at nettselskapa treng stabile rammevilkår, og at det derfor er uheldig med hyppige lovendringar. Statkraft meiner at myndigheitene så langt som mogleg bør forsøke å unngå å reversere nyleg implementert regelverk, under dette å heve grensa for kravet om funksjonelt skilje.

Vidare meiner Statkraft og RME at det ikkje bør givast unntak frå forbodet mot instruksar i energilova § 4-7 andre ledd. Det er fordi det ikkje inneber kostnader for selskapa å overhalde § 4-7 andre ledd, samtidig som kravet bidrar til å støtte opp under nøytraliteten til nettselskapa. RME meiner vidare at alle nettselskap innanfor eit integrert føretak bør sjåast under eitt, slik at ein tel talet på nettkundar samla i føretaket. Dei føreslår derfor å endre «nettføretak» i § 4-7 tredje ledd til «integrert føretak».

3.3 Vurderinga til departementet

Departementet merkar seg at fleire av høyringsinstansane er positive til forslaget om å heve grensa for når kravet om funksjonelt skilje skal gjelde. I høyringssvara frå blant andre LVK, EL og IT Forbundet og Distriktsenergi går det fram at det funksjonelle skiljet blir rekna som fordyrande eller til hinder for effektiv ressursbruk i mindre og mellomstore selskap.

Departementet merkar seg samtidig at andre høyringsinstansar meiner det motsette og tar til orde for at grensa for unntak ikkje bør hevast. I innspelet frå Konkurransetilsynet vert det peikt på at innsparingane til nettføretaka ikkje vil vege opp for dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av at grensa for kravet om funksjonelt skilje blir heva.

Hovudargumenta mot å heve grensa for kven som er omfatta av det funksjonelle skiljet, er at kravet er viktig for å sikre effektiv drift og nøytral åtferd hos nettselskapa, og at det reduserer risikoen for konkurranseskadelege verknader i tilstøytande marknader. Det er også tatt til orde for, blant annet frå Konkurransetilsynet, at grensa bør fjernast slik at alle nettselskap blir omfatta av kravet til funksjonelt skilje.

Departementet viser til at alle nettføretaka, uavhengig av storleik, framleis vil vere underlagde krav om selskapsmessig skilje og krava til nøytral og ikkje-diskriminerande åtferd. Etter synet til departementet reduserer slike reglar risikoen for at eit utvida unntak frå kravet om funksjonelt skilje, som føreslått, vil verke negativt inn på nøytraliteten til nettselskapa. Etter ei samla vurdering er departementet kome til at ulempene som ei heving av terskelen for krav om funksjonelt skilje medfører, ikkje er tilstrekkeleg store til at kravet må vidareførast slik det er i dag.

Det er i prinsippet ein risiko for at ei heva storleiksgrense kan gi insentiv til strategiske tilpassingar, men departementet vurderer likevel denne risikoen som lågare ved grensa som no blir føreslått, samanlikna med grensa på 10 000 nettkundar. Ein viss risiko for tilpassingar er det truleg uavhengig av kor grensa blir plassert.

I Noreg er det mange små nettselskap. Departementet har lagt vekt på at ein høgare terskel for funksjonelt skilje vil innebere at færre nettselskap fell innunder terskelen og dermed vil stilast ovanfor same rammevilkår.

Departementet har vurdert om nettføretak med færre enn 100 000 nettkundar skal vere fritatt frå heile kravet til funksjonelt skilje, eller berre delar av dette, i tråd med høyringsinnspel frå RME og Statkraft. Departementet har komme fram til at grensa bør gjelde for krava etter både første og andre ledd i energilova § 4-7. Første og andre ledd heng tett saman, og det vil vere krevjande å kontrollere om det blir gitt instruksar i strid med andre ledd, dersom personane i leiinga i føretaka er dei same.

Departementet viser også her til at nettselskapa gjennom andre føresegner pliktar å oppføre seg nøytralt og ikkje-diskriminerande.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Dei føreslåtte endringane fører til at kravet om funksjonelt skilje blir avgrensa til integrerte føretak der nettføretaket har 100 000 eller fleire nettkundar. I januar 2023 var det 89 nettselskap med inntektsramme, og av desse har 83 selskap færre enn 100 000 nettkundar. Det er altså seks nettselskap som har 100 000 eller fleire nettkundar.

Alle nettføretaka, uavhengig av talet på nettkundar, vil framleis vere underlagde kravet om selskapsmessig skilje. Det reduserer risikoen for at eit unntak frå kravet om funksjonelt skilje verkar negativt inn på nøytraliteten til selskapa. Nøytral framferd er ein føresetnad for like marknadsvilkår, noko som igjen bidrar til ein velfungerande kraftmarknad og effektiv konkurranse. Heving av terskelen vil kunne medføra behov for økt tilsyn og kontroll med vertikalt integrerte føretak for å ivareta same behov for nøytralitet.

At færre integrerte føretak blir omfatta av kravet om funksjonelt skilje, vil gi ei kostnadsinnsparing for dei konserna som ikkje lenger er omfatta, og som kan bruke dei same personane i leiande stillingar i fleire selskap i konsernet. Kor store innsparingar det er snakk om, er vanskeleg å talfeste, sidan kostnadene og gevinstane blir påverka av korleis energikonserna vel å organisere seg. Ei heving av grensa for kravet om funksjonelt skilje slik det er føreslått, vil innebere at 83 av 89 nettselskap ikkje er omfatta av kravet.

Etter ei samla vurdering meiner departementet at ulempene med heving av terskelen for krav om funksjonelt skilje ikkje er tilstrekkeleg store til at kravet må førast vidare slik det er i dag. Andre krav til nøytraliteten til selskapa kjem framleis til å gjelde, sjølv om fleire selskap enn i dag får unntak frå kravet til funksjonelt skilje.

Inntektsramma til nettselskapa blir delvis fastsett på bakgrunn av ei effektivitetsmåling mot andre nettselskap. Dagens krav om funksjonelt

skilje fører til at mange av nettselskapa har ulike rammevilkår, og ei heving av terskelen vil føre til at over 90 prosent av nettselskapa ikkje er omfatta av kravet. Ei heving av grensa til å omfatte dei nettselskapa som har 100 000 eller fleire nettkundar, vil dessutan føre til at selskapa som blir omfatta av kravet, er så store at dei naturleg vil vere funksjonelt skilde. Ei heving av terskelen vil såleis kunne leggje til rette for likare rammevilkår for nettselskapa.

Ei heving av grensa for krav til funksjonelt skilje vil ikkje vere til hinder for fusjonar mellom nettselskap som det av bedriftsøkonomiske og samfunnsøkonomiske omsyn er rasjonelt å gjennomføre.

5 Merknader til lovforslaget

Til energilova § 4-7

Kravet om funksjonelt skilje gjeld mellom nettverksemd og anna verksemd i integrerte føretak. Med anna verksemd er meint all verksemd som ikkje er nettverksemda til nettføretaket. Departementet viser til Prop. 35 L (2015–2016) og Ot.prp. nr. 61 (2005–2006) for ein nærmare omtale av kva krava til funksjonelt skilje inneber.

Departementet føreslår å avgrense verkeområdet for krava om funksjonelt skilje til nettføretak som har 100 000 eller fleire nettkundar. Med nettkundar er meint fysiske eller juridiske personar som er registrerte som kundar i eit nettselskap, og kundetalet er knytt til talet på unike personnummer og organisasjonsnummer.

Eit morselskap eller ein kontrollerande eigar skal ikkje gi instruksar til nettføretaket om den daglege drifta eller om avgjerder om utbygging eller oppgradering av nettet, jf. energilova § 4-7 andre ledd. For nettselskap med færre enn 100 000 nettkundar, vil ikkje dette forbodet gjelde, jf. omtale i punkt 3.3.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i energiloven (endringar om funksjonelt skilje for nettføretak).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i energiloven (endringar om funksjonelt skilje for nettføretak) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i energiloven (endringer om funksjonelt skilje for nettføretak)

I

I lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. skal

§ 4-7 tredje ledd lyde:

 Kravene i første og annet ledd gjelder ikke for nettføretak *med færre enn 100 000 nettkunder.*

II

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.

